



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 08.12.2020: Jordbruket på Vestlandet i 2019

Nedgang i jordbruksinntekta for vestlandsbonden i 2019

Vestlandsbonden fekk ei årsinntekt på 276 300 kroner per årsverk i 2019, ein nedgang på kr 23 300 frå 2018. Det er stor variasjon mellom ulike produksjonar. På landsbasis auka jordbruksinntekta med kr 12 800, til kr 300 200 per årsverk frå katastrofeåret 2018.

Bruk med mjølk hadde ein nedgang i inntekta på 10,8 prosent samanlikna med året før. Gardsbruka med sau fekk ein liten auke i inntekta på 5,4 prosent. Frukt- og bærproduzentane hadde ein nedgang på 13,7 prosent, men dei har framleis den høgaste jordbruksinntekta på Vestlandet. Jordbruksinntekta for vestlandsbonden er gradvis blitt svekka sidan toppåret 2015.

Det viser tal frå dei årlege driftsgranskingane til NIBIO som vart lagt fram i dag.

Nedgang for mjølkebruka

Mjølkeproduzentane fekk ein nedgang i inntekta si med 10,8 prosent frå 2018 til 2019, og fekk ei gjennomsnittsinntekt på kr 285 300 per årsverk. Årsaka til nedgangen var lågare prisar, auka faste kostnader og rentekostnader og auka arbeidsforbruk.

Bruka som driv mjølkeproduksjon i kombinasjon med sau eller svin, fekk ein liten auke frå 2018 til 2019. Gruppa med mjølk og sau auka med kr 9 200 til kr 295 600 og gruppa med mjølk og svin auka med kr 19 900 per årsverk frå eit svakt resultat i 2018.

Sauehald og storfekjøtt litt opp

Sauebruka på Vestlandet fekk ein auke i inntekta frå 2018 til 2019, men ligg framleis på eit lågt nivå. I gjennomsnitt var inntekta på kr 138 700 per årsverk, ein auke på kr 7 200. Auka pris på lammekjøtt og auke i tilskot kombinert med små endringar i kostnader medførte ein liten auke i jordbruksinntekta.

Bruka med kjøttproduksjon på storfe hadde om lag uendra inntekt frå 2018 til 2019. I gjennomsnitt fekk desse produsentane ei inntekt på kr 76 300 per årsverk i 2019. Bruka med kjøttproduksjon fekk lågast jordbruksinntekt av dei presenterte driftsformene på Vestlandet.

Frukt- og bærproduksjon gjorde det best

Inntektene til fruktproduzentane varierer vanlegvis mykje mellom år. For desse produsentane var både 2018 og 2019 gode avlingsår. Lågare prisar og høgare kostnader førte til ein nedgang i inntekta på 17 prosent. Med kr 383 600 per årsverk var frukt- og bærproduksjon likevel den driftsforma som oppnådde høgast jordbruksinntekt på Vestlandet i 2019.

Høge investeringar og aukande gjeld.

Nettoinvesteringane på vestlandsbruka i 2019 var meir enn dobbelt så høge som landsgjennomsnittet. I gjennomsnitt investerte vestlandsbøndene kr 215 000, medan nettoinvesteringane for landet var på kr 113 800. Vestlandsbonden investerte i stor grad i driftsbygningar og mjølkekvote, men også ein del i jord, maskiner og reiskap. Samla gjeld auka med 9 prosent for vestlandsbonden, og var på 3,3 mill. kr i middel per bruk. Rentekostnadene auka med 16 prosent.



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

PRESSEMELDING FRÅ NIBIO, 08.12.2020: Jordbruket på Vestlandet i 2019

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg rekneskapsundersøking blant tilfeldig utvalde gardsbruk frå heile landet. I 2019 var det med 930 bruk, der 188 var frå Vestlandet; 61 i Hordaland, 67 i Sogn og Fjordane og 60 i Møre og Romsdal. Jordbruksinntekt er målt som løn til alt arbeid og rente på eigenkapital per årsverk.

Kontaktpersonar ved NIBIO

Torbjørn Haukås

Seniorrådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 476 58552

E-post: torbjorn.haukas@nibio.no

Marius Berger

Rådgjevar, divisjon Kart og statistikk

Telefon: 941 49 336

E-post: marius.berger@nibio.no